

Norsk ForfatterSentrum:

## Innspel til leselyststrategi for vaksne

**Norsk ForfatterSentrum er glade for regjeringa sin store ambisjon om ei omfattande satsing på vaksne lesarar. Vi trur at det å inkludere heile befolkninga i eit langsiktig leseløft vil gjeva ein enorm samfunnsgevinst, eit meir inkluderande vaksenliv, arbeidsliv, samfunnsliv og betre mental helse. I det heile, ei lykkelegare og godt fungerande befolkning.**

### 1. Kva er dei største utfordringane for vaksne si leselyst i dag?

#### Svake leseferdigheiter

Den største utfordringa i eit leseløft blir å inkludere dei med lågast leseevne. Mange vaksne i Norge har så svake leseferdigheiter at dei strevar med å forstå enkle tekstar. Ifølgje PIAAC2 (2024) les 15 % av den norske vaksne befolkninga på nivå 1 eller lågare. For dei som står utanfor arbeidsliv og skule er talet 24 %. Svak leseevne medverkar til utanforskap og er ein trussel mot helse, eigenmakt og demokrati. Dei som deltek i kulturelle aktivitetar har lågare risiko for tidleg død (KS/HUNT-undersøkinga). Auka leseevne vil betre levevilkåra og livskvaliteten, og auke inkludering i arbeidsliv og samfunn.

#### Konsentrasjonsevna er trua

Skulebøker og skrivning for hand er delvis erstatta av nettbrett. Men forskning viser at ein lærer betre av å skrive for hand enn på eit tastatur. For barn si hjerneutvikling er det viktig å bruke finmotorikken. Innverknader frå tek-gigantar og store digitale plattformer er vanskelege å overskude. KI legg nye premisser, utfordrar opphavsretten og fordrar ny kompetanse i litteraturfeltet. KI aukar tekstvolumet og skapar desinformasjon som kan manipulere og forstyrre det sosiale livet.

#### Eit auka klasseskilje

Kvifor les somme mykje, medan andre les lite eller ikkje? Låg leseevne og konsentrasjonsevne kan føre til eit enda større klasseskilje i samfunnet. Lesevaner arvar ein både frå venner, miljøet rundt seg og frå familien. Dette blir sjølvforsterkande dynamikkar. Utanforskap fører ofte til manglande tillit til det offentlege. For å oppnå høg tillit mellom folket og styresmaktene, er det avgjerande med ei levande og inkluderande offentlegheit. Den kulturelle skulesekken lykkast godt i å inkludere alle gjennom kunstnariske opplevingar utan fokus på eigne prestasjonar. Korleis kan ein klare å inkludere også vaksne på ein tilsvarande brei måte?

## 2. Kva motiverer til lesing?

### **Representativitet og litterært tilfang**

Uansett kven du er, kva du interesserer deg for og kva morsmål du har, treng du å bli møtt av bøker og forfattarar som talar til akkurat deg. Difor treng vi eit mangfald av gode bøker og forfattarar som formidlar litteraturen sin.

### **Litterære landskap og kunnskap:**

Det finst gode grunnar til å sjå på forfattarar som representantar for landskap, og for kulturen og kunnskapane som knyter seg til landskapet. Kraftig sentralisering har endra landet vårt. I dag bur 83 % av befolkninga i byar og tettbygde strøk. Høg økonomisk vekst i byane gjev jobbmotiverte flyttingar. Dei som blir att på bygda, opplever ei forvitring av lokalmiljøet (SSB). Hjerneflukta er enorm, også blant forfattarane. Dersom vi ser på folketal, er Oslo fylket med flest forfattarar per innbyggjarar (11 forfattarar per 10 000 innbyggjarar). Nordland er fylket med færrest (berre 1 forfattar per 10 000 innbyggjarar). Om ein ser på areal i staden for folketal, er forskjellane i representasjon enda større. Medan Oslo har 1,8 forfattarar per km<sup>2</sup>, har Finnmark berre 6 per 10 000 km<sup>2</sup>. I tradisjonelt kultursterke Gudbrandsdalen, Valdres og Setesdalen har Norsk ForfatterSentrum berre att to medlemsforfattarar i kvar dal.

Vi treng forfattarar som representerer ulike landskap, kulturar og kunnskap. For å lykkast med ein breiast mogleg litterær representasjon treng vi gode litterære møteplassar og miljø, skrivekurs og arrangement i heile landet.

### **Samisk representasjon:**

«Både skogfinners, kveners og samers liv og virkelighetsforståelse er preget av natur- og miljøforhold som de har levd i og levd med. Fortellinger om erfaringer en gjør seg, hører derfor oftest hjemme i et lokalmiljø, relatert til lokale landskap og kjente mennesker.»  
– Sannhet og forsoning.

Rapporten «Sannhet og forsoning» slår fast at fornorskingspolitikken førte til eit dramatisk språktap blant samar, kvener, norskfinnar og skogfinnar. Føresetnadene for å utvikle kunst og kulturuttrykk i kulturoffentlegheitene har vore marginale. Sannings- og forsoningskommisjonen meiner ei reversering av fornorskingspolitikken sine språklege konsekvensar er ein sentral del av forsoningsprosessen.

Formidling av samisk og minoritetsspråkleg litteratur må vera ein sjølvsgt del av ein leselyststrategi. Den oppveksande generasjonen i heile landet må få kunnskap om språk og kultur knytt til urfolk og nasjonale minoritetar.

### **Representasjon i eit mangfaldig samfunn:**

Personar med innvandringsbakgrunn og minoritetserfaringar er underrepresenterte i forfattaryrket. Vi må arbeide for å inkludere fleire med minoritetsbakgrunn i litteraturbransjen. June Izabele Adomaityte skriv i masteroppgåva si: «Litteratur kan tjene som eksempel på et kulturområde som minoritetsspråklige har utfordringer med å få adgang til, men den kan lett bli hovedinngangen til det norske samfunnet.» Leselyststrategien må også inkludere dei som ikkje har norsk som førstespråk.

## **3. Forslag til tiltak i ein strategi**

### **Integrere leselyststrategiar i samfunnsplanar**

Det offentlege må integrere leselystarbeid i samfunnsplanar på alle nivå. For å leggje til rette for betre leseevne og leselyst, treng vi å auke kunnskapen hjå politikarar og offentleg tilsette.

Bente Irene Løkken har gjort viktige funn i doktorgradsavhandlinga si *Kulturdeltagelse i et folkehelseperspektiv. Helseundersøkelsen i Trøndelag (HUNT)*. Forskingsresultat frå HUNT tyder på at dei som deltek i kulturelle aktivitetar har lågare dødelegheit. Menn som deltek i kulturelle aktivitetar, har òg færre fastlegekonsultasjonar.

I eit intervju med kulturogelse.no konkluderer Løkken: «– Den kunnskapen som har kommet fram gjennom forskning de siste årene bør føre til at fremtidig folkehelsepolitikk legger til rette for økt kulturdeltagelse i det forebyggende og helsefremmende arbeidet. Deltagelse i kulturelle aktiviteter bør bli en reell mulighet for hele befolkningen, uavhengig av sosioøkonomiske levekår.» Her er Løkken på linje med KS-rapporten *Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen*: «Kommuner og fylkeskommuner bør integrere kultur i overgripende samfunnsplaner og i ulike typer av sektorplaner. Videre er det viktig at de legger til rette for et aktivt kulturliv lokalt, gjennom stabil og langsiktig finansiering.»

#### Tiltak:

- Oppfordre det offentlege til å integrere arbeid med leseevne og leselyst i samfunnsplanar.
- Styrke offentleg tilsette sin kunnskap om lesing og leselystarbeid.
- Føre ein aktiv språk- og litteraturpolitikk som ivaretek og utviklar nynorsk og bokmål, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka.
- På tilsvarande måte som offentlege tilsegnsbrev stiller krav om berekraft, mangfald og tilgjengelegheit, kan det stillast krav om at institusjonar tilrettelegg for auka leseevne hjå tilsette.
- Tilskot til innkjøp av fysiske lærebøker, tilskot til innkjøp av bøker i barnehagane og tilskot til skulebibliotek og bøker bør forbli øyremerkte statlege tilskot. Tilskota bør ikkje overførast til kommunane.

### **Leggje til rette for litteraturproduksjon og brei representasjon**

Å prioritere ressursar til lesetiltak, litteraturproduksjon og litteraturformidling er ei politisk oppgåve på nasjonalt nivå. Forfattarane er råvareprodusentane i den litterære verdikjeda. For å lykkast med rekruttering av forfattarar frå alle samfunnslag og med ulike bakgrunnar, må det leggjast til rette for ein sunn forfattarøkonomi. Vidare må ein forfattar ha like gode sosiale ordningar og rettar som alle andre. Vi kan ikkje tole å miste viktige stemmer fordi dei ikkje har råd til å skrive. Stortingsmeldinga *Kunstnarkår* slår fast at kunstnarpolitikk er ytringsfridomspolitikk. I dag er ein forfattar til dømes ofte heilt avhengig av ein forsørgjar, det er ikkje heldig. Norsk Forfattersentrum meiner ein forfattar må ha råd til både få ungar og å skilja seg.

Tiltak:

- Styrke forfattarøkonomien og dei sosiale ordningane for sjølvstendig næringsdrivande innan kunst og kultur.
- Produksjonsmidlar til litteraturformidling.

Norsk Forfattersentrum støttar Språkrådet sine tiltak for å auke lesemoglegheitene og tilgangen til litteratur (punkt 2 i brevet frå Språkrådet).

### **Formidling av samisk og minoritetsspråkleg litteratur**

For å dyrke fram ei meir mangfaldig litteraturformidling treng urfolks- og minoritetsspråka betre rammer. Fleire bøker må omsetjast og formidlast på tvers av språka. Forfattarar, omsetjarar og litteraturformidlarar må få særleg viktige roller i arbeidet.

Litteratur skriva på samisk har større behov for støtteordningar fordi den har eit mindre marknadspotensial enn norskspråkleg litteratur, og samiskspråkleg litteratur er ikkje omfatta av Norsk kulturråd si innkjøpsordning. (Kjelde: *Sannhet og forsoning*, s. 513 og 423.)

Tiltak:

- Meir aktivitet, formidling og tilbod til samiske og minoritetsspråklege.
- Auka formidling av samisk og minoritetsspråkleg litteratur til andre målgrupper regionalt og nasjonalt.
- Oppfordre skribentorganisasjonar og nasjonale kunstnarorganisasjonar til å formidle meir informasjon på samisk.
- Kurstilbod for forfattarar, omsetjarar og litteraturformidlarar.
- Auke antal utgjevingar av tospråklege bøker, støtte til dømes Stiftelsen LESE sitt parallellspråklege bokprosjekt.

Norsk Forfattersentrum støttar tiltaka i innspelet frå Sametinget.

### **Profesjonalisering av forfattarar og litteraturformidlarar**

Litteraturfeltet er i endring. Det er behov for eit tydeleg bransjenettverk og profesjonalisering av både utøvarar og arrangørar i litteraturfeltet. Oppdragsgjevarar og publikum får stadig høgare forventningar til utøvarane sine formidlingsevner og profesjonalitet. Innan næringslivet har forfattarane fått sterk konkurranse frå foredragshaldarar/kjendisar formidla gjennom artistbyrå.

Forfattarane treng kompetanse innan ei rekkje område utover det kunstnariske: formidling, økonomistyring, langsiktig planlegging, søknadsskriving, marknadsføring og mediehandtering. I tillegg skal ein helst vera ein god sjef for seg sjølv. Det trengs også profesjonalisering av arrangørane og fleire skulerte samtaleleiarar.

Tiltak:

- Utvikle fysiske og digitale kurs og ressursar for forfattarar, litteraturformidlarar og oppdragsgjevarar.
- Etablere ei mentorordning for fribyforfattarar og forfattarar med andre morsmål enn norsk.

### **Korleis byggje ned terskelen for lesing? Tilgjengelegheit og haldningsskapande arbeid**

Mange bygger har ikkje lenger nokon bokhandel. Bokhandelen har ei svært viktig rolle i tilgjengeleggjering av bøker. Korleis distribuere litteraturen? Vi trur på kombinasjonen av haldningsskapande arbeid og å gjera litteraturen lett tilgjengeleg. Det handlar om å arbeide med heile familien, å sjå tiltak for barn, unge og vaksne i lag.

Tiltak:

- Byggje ned fordommar og tabu knytt til analfabetisme og låg leseevne.
- Styrke folkebibliotek og skulebibliotek, midlar til innkjøp av bøker og til formidlingsarrangement.
- Sommarles for vaksne.
- Ressursar til litteraturarrangement innanfor eit breitt spekter for å nå mange ulike lesarar.
- Formidle litteratur i mange ulike format og sjangrar.
- Lågterskel lese- og skrivekurs og verkstader, skapa sosiale fellesskap.
- Fleire arrangement i distrikta.
- Korte arrangement.
- Arrangement og prosjekt for barn og vaksne i lag.
- Personlege boktilrådingar.
- Leggje til rette for auka litteraturfokus i aviser og media.
- Bokprogram på NRK Radio og TV.

- Utvikle store informasjonskampanjar med ulike målgrupper og med ulik utforming/estetikk.

### **Arbeidsplass tiltak**

For å nå flest mogleg, bør ein bruke arenaer der flest mogleg er til stades, det er lurt å inngå samarbeid med arbeidsplassar og fagforeiningar.

Tiltak:

- Lesesertifiserte arbeidsplassar: Utvikle lesepakker i samarbeid med private og offentlege arbeidsplassar. I dette inngår forfattarbesøk, arbeidsplassbibliotek og lesesirklar. Tilboda må tilpassast lokale forhold, og ein må bruke forfattarar som passar inn.
- Lesekvart på arbeidsplassen. 15 minutt stilletid til lesing. Boksett eller arbeidsplassbibliotek – eller ha med eiga bok.
- Gratis skrive- og lesestimulerande kurs på arbeidsplassen.
- Bokbuss til arbeidsplassar – med perfekt litteratur for denne staden og for dette yrket.

### **Nå dei vaksne gjennom barna:**

- Informere om lesing og litterære tilbod gjennom helsestasjonar og helsevesen.
- Barnebokpresentasjonar for småbarnsforeldre, dette kan f.eks. vera ein del av eit foreldremøte eller foreldrekaffe i barnehagane.
- Kurs for tilsette i barnehagen, slik at dei kan bli tryggare på høgtlesing og korleis dei kan støtte ungane si lokale dialekt og målform.
- Forfattarmøte i barnehagar og på skuler, der ein forfattar presenterer vaksnebøker til dei tilsette.

### **Korleis nå dei som står utanfor arbeid og samfunnsliv?**

Å nå dei som står utanfor arbeidsliv og utdanning vil vera utfordrande. Dette krev samarbeid på tvers av sektorar. Om ein slit med leseevne, kan terskelen for å gå på biblioteket vera stor. Ein må prøve å finne kontaktpunkt der ein når flest mogleg. NAV, frivilligsentralar og helsevesenet er logiske arenaer for tiltak.

- Utvikle tilbod på biblioteka som inkluderer dei med låg leseevne.
- Utvikle lese- og skrivekurs i samarbeid med NAV. Kursa kan inngå som ein del av tilbodet til dei lokale NAV-kontora.
- Lesetiltak i fengslar med forfattarbesøk, lese- og skrivestimulerande kurs og anna.

## Oppsummert

- **Norsk Forfattersentrum meiner det er behov for ein omfattande innsats** for å auke leseevnene for den vaksne befolkninga. Slik vil ein betre levevilkåra og livskvaliteten, og oppnå ei auka inkludering i arbeidslivet og samfunnet. Det er viktig å trekkje liner til inkludering og demokratibyggning. Det bør leggjast til rette for mangfaldig litterær produksjon og litteraturformidling tilpassa lokale forhold. Her må det lagast konkrete, forpliktande planar og arbeidast på alle nivå, og på tvers av departement og sektorar!
- **Dei norske forfattarane kan brukast som ein ressurs i leselystarbeidet.** Forfattarane er berarar og utviklarar av språk, forteljingar og kunnskap som knyter seg til kulturar og landskap. Forfattarane bidreg til forståing, engasjement og levande lokalsamfunn. I ei framtid prega av komplekse menneskeskapte kriser, treng vi den uhilda, kjeldekritiske og frie forfattaren. Forfattarane er ein viktig del av landet sin hukommelse, dei stiller spørsmål og utfordrar. Dei gjev lesarane nysgjerrigheit, kunnskap og sjølvtrillit – alt dette som trengs for å kunna ytre ei mening og yte motstand mot urett.
- **Ei lesande og opplyst befolkning** er grunnleggjande for demokratiet vårt. Totalberedskapsmeldinga slår fast at eit aktivt kunst- og kulturliv er ein del av beredskapen i landet vårt. Det er ikkje tilfeldig at kulturverdiar blir brukt som mål og verkemiddel i terror, krig og konflikt. Angrep på kulturarven svekkjer samfunnet sin identitet, samhald og kampvilje. Med sin kjeldekritiske og kvalitetssikra tekstproduksjon og formidling er forfattarane ei motstandskraft mot desinformasjon.
- **Norsk Forfattersentrum fryktar at dei med låg eller manglande leseevne** i åra som kjem vil slite enda meir med å filtrere og å forstå informasjon. Forfattarane våre kan bidra til auka lesekompetanse og leselyst.

Vi i Norsk Forfattersentrum gler oss til å følgje det vidare arbeidet og å bidra til konkrete tiltak.

Vennleg helsing frå  
Ingvild C. Herzog  
Dagleg leiar  
Norsk Forfattersentrum  
Tlf.: 980 80 800 / 21 09 57 01